

---

Arkivsak-dok. 24/11066-4  
Saksbehandler Kristian Skålhavn

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	25.11.2024	
Kommunestyret	12.12.2024	

---

## Budsjett 2025, økonomi- og handlingsplan 2025 - 2028

### Kommunedirektøren si innstilling:

#### 1. Handlingsplan 2025-2028

Vestnes kommunestyre vedtek kommuneplanen sin handlingsdel 2025-2028 slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2025, økonomi- og handlingsplan 2025-2028.

#### 2. Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan for 2025-2028 og årsbudsjett for 2025 i samsvar med bevillingsoversiktene etter §5-4, slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2025, økonomi- og handlingsplan 2025-2028.

#### 3. Klima og miljø

Vestnes kommunestyre vedtek klimabudsjettet med tiltak slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2025, økonomi- og handlingsplan 2025-2028.

#### 4. Investering og låneopptak

- a) Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjettet for 2025 i samsvar med bevillingsoversiktene etter § 5-5, slik det går fram i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett 2025, økonomi- og handlingsplan 2025-2028
- b) Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 14,9 mill. kroner til finansiering av kommunen sine investeringar, jf. Kommuneleva §14-15 første ledd
- c) Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på 15 mill. kroner til finansiering av vidareutlån til bustadformål, jf. Kommuneleva §14-17
- d) Vestnes kommunestyre godkjenner bruk av trekkrettighet og opptak av likviditetslån ved behov med inntil 150 mill. kroner. Dette i samsvar med kommunen sitt økonomi- og finansreglement.

#### 5. Eigedomsskatt

- a) I medhald av Eigedomsskattelova §§ 2 og 3, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2025 på alle faste eigedommar i heile kommunen. På tidlegare skattlagte verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn)
- b) Generell skattesats vert halden uendra på 7,0 promille. For bustad og fritidsbustad vert skattesatsen halden uendra på 4,0 promille.
- c) Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jf. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd
- d) Som standard vert det 4 betalingsterminar jf. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes tilbyr fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1, 4 eller 12 terminar
- e) For utskrivning av eigedomsskatt på bustadeigedomar skal kommunen bruke Skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustadane der dette er berekna (§ 8 C-1 i Eigedomsskattelova). Elles skal Vestnes kommune sine gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre nyttast
- f) Vestnes kommunestyre fritiek etter § 7 i Eigedomsskattelova:
  - i. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
  - ii. Eigedom som har historisk verdi.

## 6. Finansielle måltal

Vestnes kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal:

Finansielle måltal	2025	Langsiktig måltal
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	0,0 %	> 1,75 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	1,6 %	> 5 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	68,9 %	< 75 %

## Saksopplysninger

### Bakgrunn:

Med heimel i kommunelova kapittel 14 skal kommunestyret vedta årsbudsjett for det komande året og økonomiplan for dei neste fire åra før årsskifte. Det er formannskapet som innstiller med sitt forslag til kommunestyret.

Budsjettet for det første året er bindande, medan økonomiplanen for dei påfølgjande åra er retningsgjevande. Etter plan- og bygningsloven kan økonomiplanen inngå eller utgjere handlingsdelen. Desse planane heng i hop og må sjåast i samanheng.

Kommuneplanen sin handlingsdel syner korleis Vestnes kommune skal følgje opp kommuneplanen som er det overordna styringsdokument, i tillegg til lovpålagde oppgåver og nasjonale styringssignal. Budsjett og økonomiplanen skal vise kommunestyret sine prioriteringar og bevillingar samt dei mål og premissar som dette blir bygd på. Det skal også vise til utviklinga i kommunen sin økonomi og utvikling i gjeld og

andre vesentlege langsiktige forplikingar. Økonomiplanen skal vise til korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar blir følgt opp.

Budsjettet og økonomiplanen skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Desse skal setjast opp i balanse og vere realistisk, fullstendige og oversiktleg.

Kommunestyret skal etter økonomireglementet vedta netto driftsramme på sektornivå. Kommunedirektøren har fullmakt til å fordele budsjettet vidare til dei ulike einingane innanfor sektorane.

Lenke til budsjett 2025, økonomi- og handlingsplan 2025-2028:

[https://pub.framsikt.net/2025/vestnes/bm-2025-%C3%B8konomiplan\\_2025](https://pub.framsikt.net/2025/vestnes/bm-2025-%C3%B8konomiplan_2025)

## Vurdering

### Bakgrunn

Både i Møre og Romsdal og i Vestnes kommune dør det fleire enn det blir født dei siste åra, noko som i utgangspunktet fører til reduksjon i innbyggjarar. I 2024 har vi derimot til no hatt ei positiv utvikling der det er født fleire enn det dør i Vestnes kommune. Dei siste åra har spesielt flyktningar ført til at Vestnes, er ein kommune i vekst. Der det tidlegare var klart fleire personar i alderen 0-19 enn 65 år og eldre har det no endra seg. Dette gjer at vi får fleire pensjonistar og færre i barnehage og skulepliktig alder. I tillegg til dei kompetanseutfordringane vi har i dag - vil det då vere fleire som treng helse og omsorgstenester, medan vi har færre til å yte desse tenestene. Dette tek utfordringsbiletet over til det dei fleste kommunar slit med, nemleg å rekruttere kompetent personell.

Vestnes kommune har ein stor pleie og omsorgssektor og er såleis meir utsett knytt til rekrutteringsutfordringar. Dei demografiske endringane påverkar allereie Vestnes kommune, noko som gir store utgifter knytt til overtid og bruk av vikarbyrå.

Vestnes kommune har gjort ein stor innsats på å ta imot flyktningar over mange år. Dei siste åra har tala på busetting av flyktningar auka betydeleg med bakgrunn i krigen i Ukraina. Dette gjer at vi har styrka store delar av det kommunale tenesteapparatet for å kunne handtere dette. Kommunedirektøren ser at vi kan ikkje ta imot 100 flyktningar eller meir kvart år, så det er stor press på bustadmarknaden og i høve tenesteyting. Samstundes kan vi ikkje trappe for fort ned, då vi kan risikere at inntektene vert lågare enn utgiftene. Kommunedirektøren føreslår difor å ta imot 80 flyktningar i 2025, 60 i 2026 og 2027 og 40 i 2028. Etter kvart som talet på flyktningar avtek må tenestene byggjast ned. Å byggje ned i same takt viser seg ofte å vere krevjande. I 2024 vil kommunen få høgare integreringstilskot enn direkte auke i utgifter knytt til handtering av flyktningar. Meirinntekta er nytta til å finansiere andre tenester, som også flyktningane nyttar.

Ei klar utfordring for Vestnes kommune i 2025 og åra framover er å tilpasse seg drifta knytt til vertskommunebrukar. Skjermingsordninga blei i 2024 avvikla/endra, men Vestnes kommune fekk ei særordning i 2024 saman med Kvæfjord kommune. Framlegget for Statsbudsjettet for 2025 var utan slik særordning for Vestnes kommune. Om dette vert vedteke, vil det sei at vi mistar ca. 14 mill. kroner i 2025, medan det var 3 mill. kroner i 2024 med nemnte ordning. Det er også viktig å påpeike at pensjonskostnadane for tilsette er der framleis sjølv om vertskommunebrukarane fell frå. Det er ekstremt

krevjande å omstille drifta for slike summar på så kort tid og dette er truleg Vestnes kommune si største økonomisk utfordring i tida framover.

Vestnes kommune har over år hatt meirforbruk i drifta og vart i 2022 meldt inn i ROBEK – registeret. I 2022 fekk vi eit særst godt økonomisk resultat, som førte til at vi kom oss ut av ROBEK året etter. I 2023 leverte vi også eit rekneskap i pluss, noko som har gjort at vi no har knappe 10 mill. kroner på disposisjonsfond. Økonomistatus for 2. tertial syner derimot til at vi vil gå med eit vesentleg meirforbruk i 2024. Sjølv om vi kom ut av ROBEK er symptoma dei same med eit alt for høgt driftsnivå. Prognosen er framleis usikker, men det er svært truleg at vi vil få eit meirforbruk i 2024, som må dekkast inn i 2025 og 2026 om vi skal unngå å bli meldt inn i ROBEK igjen. Det er også ein moglegheit å bli direkte innmeldt i ROBEK i 2025 dersom meirforbruket blir større enn 3 % av driftsinntektene.

Vi er no inne i ei stor omstilling for å redusere driftsnivået, noko som vil vere krevjande for politikarar, tilsette, administrasjon og innbyggjarar. Ein må vere budd på at vi må redusere utgiftene betydeleg. Tal frå til dømes kommunebarometeret syner at det er ikkje noko fasitsvar at til meir enn puttar inn av pengar, til betre blir kvaliteten. Tvert imot ser vi mange effektive kommunar har god kvalitet. Vi må difor redusere utgiftene, men samstundes arbeide med å behalde kvaliteten eller auke kvaliteten. Dette vil vere krevjande og på kort sikt må ein rekne med redusert kvalitet og volum i tenesteproduksjonen.

## **Finansielle måltal**

Kommunestyret er pliktig til å forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna bli ivaretatt over tid, og har vedteken tre finansielle måltal som skal indikere om kommunen sin samla økonomi utviklar seg i riktig retning. Måltala er netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad.

### **Netto driftsresultat**


Teknisk berekningsutval anbefaler at kommunesektoren bør ha eit netto driftsresultat på 1,75 % over tid som eit minimum. Det vil for Vestnes kommune bety eit positivt netto driftsresultat på 16,3 mill. kroner i 2025. Ut frå den økonomiske situasjonen som kommune står i, vil det vere lite realistisk å ha dette som ein målsetting i planperioden. Kommunedirektøren rår til at måltalet på 1,75 % bør vere ei langsiktige målsetting, for å kunne bevare kommunen si formue over tid.

Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år. Vestnes kommune har over mange år hatt ei alt for høgt driftsnivå, noko som førte til at kommunen blei meldt inn i ROBEK i 2022. Opphaldet i ROBEK varte berre eitt år, sidan driftsresultatet i 2022 blei særst godt. Det gode resultatet i 2022 kom ikkje av ei særst effektiv drift, men av fleire ekstraordinære inntektsposter. Vi hadde også eit plussresultat i 2023, men også dette var knytt til ekstraordinære inntektsposter. Tenesteproduksjonen er ennå alt for høg. Utviklinga viser at det må store endringar til i drifta for å oppnå ein berekraftig økonomi.

For å kunne oppnå eit positivt driftsresultat dei neste åra er det lagt inn ei rekke tiltak for å redusere driftsnivået i tenesteproduksjonen. Det er heilt avgjerande at alle tiltak som kommunedirektøren legg fram blir gjennomført og gir dei økonomiske effektane som er førespegla.

Grafen under viser korleis resultatet har utvikla seg frå 2020, og korleis nøkkeltalet vil utvikle seg i åra framover dersom ein legg til grunn kommunedirektøren sitt forslag til budsjett- og økonomiplan. Måлтаlet er på ca. 0,0 % i alle år utan i 2026, då det er på 0,6 %. Eit eventuelt positivt netto driftsresultat dei første åra vil truleg gå med til å dekke inn tidlegare års meirforbruk, dersom prognosen for 2. tertial 2024 enda opp med å bli faktisk årsresultatet. Det betyr at det kan ta fleire år før kommunen får sette av midlar på sparekontoen sin.

## Netto driftsresultat (resultatgrad)




### Disposisjonsfond

Med bakgrunn i eit godt resultat i 2022 og i 2023 har vi satt av midlar på disposisjonsfond. Kommunen har difor 9,7 mill. kroner på disposisjonsfond ved inngangen til 2024. Om vi legg til grunn årsprognosen i siste tertialrapport vil kommunen bruke opp heile disposisjonsfondet i 2024, samt måtte bruke dei eventuelle avsette midlane på disposisjonsfond i 2025 og 2026 til å nedbetale tidlegare års meirforbruk.

Måлтаlet som er vist i tabellen under stig i planperioden, sidan ein her legg til grunn at dei avsette midlane blir ståande på disposisjonsfond kvart år. Gitt siste økonomisk status, så vil disposisjonsfondet mest truleg bli tømt dei neste to åra for å dekke tidlegare års meirforbruk. Nøkkeltalet vil difor mest truleg ligge nærare 0 %.

Ut frå den økonomiske situasjonen og føresetnadane som ligg til grunn i økonomiplanen, ser kommunedirektøren det krevjande å skulle nå anbefalinga med eit disposisjonsfond på 5-10 % i nær framtid. Likevel bør ein på lang sikt strekkje seg etter å kome dit kor ein har eit høgt nok disposisjonsfond til å handtere uføresette svingingar. Kommunedirektøren rår difor til at det langsiktige måлтаlet for disposisjonsfond fortsett bør vere på 5 %. Basert på budsjetterte driftsinntekter for 2025 utgjør dette om lag 46,5 mill. kroner.

## Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter




### Gjeldsgrad

I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i gjeldsforvaltninga. Kva finansiell risiko kommunen toler vil vere avhengig av kommunen sitt disposisjonsfond og driftsnivå. Med bakgrunn i at kommunen har eit lite disposisjonsfond som truleg blir tømt i 2024, og eit alt for høgt driftsnivå, er det eit viktig mål å redusere lånegjelda slik at den finansielle risikoen blir redusert.

Gjeldsgraden auka mykje i 2019 som følge av låneopptak til Helsehuset Stella Maris, og har etter det haldt seg relativt høg. Ein høg gjeldsgrad og ei rente som har auka jamt etter pandemiperioden har gjort at ein stadig større del av dei årlege driftsinntektene blir bunde opp til å dekke renter og avdrag. Det har vore eit særskilt investeringsnivå dei siste par åra, noko som har bidratt til at gjeldsgraden har gått gradvis ned etter 2021. Dette er også ei målsetting i økonomiplanperioden 2025-2028, kor investeringsnivået er sett på eit minimum.

I økonomiplanperioden for 2025-2028 går gjeldsgraden ned, og vil ligge rett i underkant av 69 %. Bakgrunn for at målet går ned skuldast auka i driftsinntektene, eit særskilt investeringsnivå, samt at det blir betalt meir i avdrag enn opptak av lån. Det er viktig at gjeldsgraden går ned med tanke på å få økonomien på riktig spor. Kommunedirektøren rår til at det langsiktige målet for gjeldsgrad er å halde seg under 75 %, noko forslag til økonomiplan 2025-2028 oppfyller.

## Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



### Investering

På grunn av den økonomiske situasjonen er investeringsnivået i planperioden satt til eit minimum. Målet er at låneopptak skal vere mindre enn betalte avdrag, slik at gjeldsgraden går ned. Ikkje alle investeringar som er spelt inn er prioritert i 2025. Det er gjort ei krevjande prioritering på kva prosjekt som bør gjennomførast sett opp mot eit økonomisk forsvarleg investeringsnivå.

Det er ingen store enkeltinvesteringar i 2025, men fleire mindre investeringstiltak. Dei største enkeltinvesteringane er knytt til sjølvkostområdet og asfaltering som kvar er på 5 mill. kroner.

### Klima og miljø

Klimalova har som mål at utsleppa av klimagassar i 2030 skal vere minst 50, helst 55 % lågare enn i 1990. Dette er ei krevjande målsetning som krev at Vestnes kommune arbeidar mot Vestnessamfunnet heilskapleg. Vestnes kommune er ein viktig pådrivar, men samstundes kan vi redusere klimagassar gjennom vår rolle som lokal planmynde, eigar av bygg og anlegg, grunneigar, innkjøpar, samfunnsutviklar med meir.

Kommunestyret har vedteke følgjande klimamål (PS-130/21):

- Det skal arbeidast mot at Vestnessamfunnet sine klimautslepp skal innan 2030 vere redusert med 60 % samanlikna med nivået i 2009. Dette omfattar både direkte utslett innanfor kommunen sitt geografiske område og indirekte utslepp som følgje av aktivitetar initiert av organisasjonen Vestnes kommune.
- Det skal arbeidast mot at innan 2050 skal Vestnessamfunnet redusere sitt klimafotavtrykk med 95 % samanlikna med nivået i 2009.

I klimabudsjettet foreslår kommunedirektøren ei vidareføring av tiltaka som var foreslått ved førre budsjettbehandling, samt nokre nye tiltak. Det er først og fremst prioritert klimatiltak som kan gjennomførast innanfor einingane sine driftsrammer. Sidan målet er å redusere gjeldsgraden, er det få tiltak som går over investeringsramma. Dei investeringane som er foreslått, bidreg både til å redusere klimautslepp og driftsutgifter.

## **Oppsummering**

Som saken viser må kommunen gjere grep og foreta ei stor omstilling for å redusere driftsutgiftene betydeleg i åra framover. Tenesteproduksjonen må endrast, noko som vil føre til mellom anna redusert tenestevolum og tenestekvalitet. Effektivitet i tenesteproduksjonen må også stå i fokus. Omstillingar er heilt naudsynte, og svært krevjande, men avgjerande for å få balanse mellom tenesteproduksjonen og dei økonomiske føresetningane vi har. Dette vil igjen gi handlingsrom for å utvikle organisasjonen, gjere gode investeringar og gi gode tenester også i framtida.

Kommunedirektøren har hatt fokus på å legge fram mest mogleg konkrete tiltak og ikkje nytte klassiske «ostehøvel» prinsipp og uspesifiserte tiltak. I tillegg er det lagt inn plusstiltak der ein aukar ramma til kommunalområde sett opp mot endringar i drifta. Dette for å få eit berekraftig og realistisk budsjett.

Kommunedirektøren syner elles til det digitale dokumentet [https://pub.framsikt.net/2025/vestnes/bm-2025-%C3%B8konomiplan\\_2025](https://pub.framsikt.net/2025/vestnes/bm-2025-%C3%B8konomiplan_2025) for ytterlegare detaljar og vurderingar.

## **Vedlegg**

Saksutskrift - BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2025, ØKONOMIPLAN 2025-2027 – VESTNES  
KOMMUNE  
Oversending av vedtak - Budsjett for kontrollarbeidet i 2025 Vestnes kommune

## **Særutskrift:**